Hjartdal kommune

Vedtatt dato:
Planforslag: 22.04.2024

Detaljregulering for GS-veg langs Tuddalsvegen – Hovdegrenda til Tuddal sentrum

Reguleringsføresegner
Detaljregulering

PlanID 381920210004

1. Siktemålet med planen

Hovudsiktemålet med planen er å byggje ny gang- og sykkelveg langs fylkesveg 3430 Tuddalsvegen, mellom krysset til Hovdegrenda og Tuddal sentrum i Hjartdal kommune.

2. Fellesføresegner for hele planområdet

2.1 Automatisk freda kulturminne

Om det viser seg først medan arbeidet er i gang at det kan virke inn på eit automatisk freda kulturminne, skal Telemark fylkeskommune kontaktast og arbeidet stansast i den utstrekning det kan røre kulturminnet. Kulturminnemyndigheitene avgjer snarast mogleg – og seinast innan 3 veker – om arbeidet kan fortsetje og vilkåra for det. Fristen kan forlengast når særlege grunnar tilseier det (jf. kulturminneloven § 8 andre ledd).

2.2 Miljøoppfølging

Det skal utarbeidast en miljøoppfølgingsplan/YM-plan for anleggsfasen basert på faglege råd om skadereduserande tiltak i rapporten «Notat naturmangfold», datert 03.10.2023».

Framande arter skal handsamas i samsvar med Notat naturmangfold.

Miljøoppfølgingsplanen skal også innehalde løysingar for overvatn, stikkrenner etc.

2.3 Avkøyrsler

Avkøyrselspiler merka på plankart er rettleiande, og endeleg avkøyrsel kan justerast.

2.4 Frisikt

Frisikt skal opparbeidast i vegkryss og i avkøyrsler mot veg og GS-veg i samsvar med regulerte frisiktsoner. Eventuelle sikthindringer skal ikkje være høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå for primærvegen.

2.5 Matjord

Matjord skal handsamast i samsvar med matjordplan datert 31.01.2024.

2.6 Støy

Tabell 4 i T-1442/2021 skal leggast til grunn for anleggsfasen.

3. Føresegner for arealformål

3.1 Bygningar og anlegg (§12-5 nr. 1)

Bustader (B)

Arealet omfattar eksisterande bustader.

Forretningar (FOR)

Arealet omfattar areal tilhøyrande forretning.

Fritids- og turistformål (FTU)

Arealet omfattar eksisterande fritids- og turistformål.

3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

Køyreveg (KV)

Område o_KV er offentleg køyreveg. Område KV2- KV3 er private avkøyrsler.

Gang- og sykkelveg (GS)

Område o_GS omfattar offentleg gang- og sykkelveg.

Annan veggrunn, grøntareal (AVG)

Arealet o_AVG omfattar sideareal til vegen og rabatt mellom o_KV og o_GS, med skjeringar, fyllingar, grøftar, murar og tekniske konstruksjonar som tilhøyrar offentleg veg.

3.3 Landbruks-, natur- og friluftsformål samt reindrift (§ 12-5 nr. 5)

LNFR (LNFR)

Arealet omfattar landbruksareal som blir delvis nytta som midlertidig bygge- og anleggsområde og som vil bli tilbakeført som landbruksformål etter at arbeidet er ferdig, jamfør pkt 5.1. Det blir ikkje tillate tiltak i LNFR som kan hindre tilbakeføring til landbruksareal.

4.Føresegner til omsynssoner (§§ 12-6, 12-7 og 11-8)

4.1 Sikrings-, støy- og faresoner (§ 11-8 a)

4.1.1 Omsynssone – Frisikt (H140)

Innanfor siktsonene skal eventuelle sikthindringer ikkje være høgare enn 0,5 m over køyrebanenivå for primærvegen.

4.1.2 Omsynssone – Natur (H560)

- H560_1 – H560_2 omfattar Hagavik økologiske funksjonsområde (våtmark). Det skal etablerast gjerde med sperrefot under anleggsfasen. Ved etablering av skråning mellom gs-veg og Hagavik økologiske funksjonsområde, skal det nyttast stadeigen blomsterengblanding, i samsvar med «Notat naturmangfold» datert 13.10.2023.
- H560_3 omfattar artsrik vegkant ved Hagavik. Det må ikkje lagrast massar eller kjørast med tunge kjøretøy under anleggsarbeid.

5. Føresegn til føresegnsområder

5.1 Midlertidig bygge- og anleggsområde (område #1)

I anleggsperioden kan områda mellombels nyttast som anlegg- og riggområde. Det blir tillate etablert skjeringar, fyllingar, støttemurar, samt nødvendige grøftar og tekniske konstruksjonar som høyrar til offentleg veg. Matjord kan lagrast i rankar i høgde opp til 3 meter.

Når anleggsperioden er ferdig skal områda ryddast, settast i stand og tilbakeførast til tidlegare føremål.

6. Rekkjefølgjeføresegner / dokumentasjonskrav

6.1 Før igangsetjingsløyve

Før tiltak setjast i gang skal detaljerte byggeplanar for o_GS vera utarbeidde og godkjent av Hjartdal kommune og Telemark fylkeskommune.